

Saksframlegg

Saksbehandlar: Roald Breistein
Sak nr.: 18/1479-5

Ny personvernlov frå 2018 - Status for tilpassing i Sogn og Fjordane fylkeskommune

Forslag til vedtak:

1. Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen kjem med skriftleg og munnleg orientering om korleis tilpassinga til ny personvernlov har gått i møte i utvalet 25.09.2018.
2. Den skriftlege orientering bes sendt sekretariatet innan 10.09.2018.
3. Informasjonen vert elles teken til orientering.

Vedlegg:

Svar – Ny personvernlov frå 2018 – Status for tilpassing i Sogn og Fjordane

SAKSFRAMSTILLING

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i sak 9/18 i møte 27.02.2018:

1. *Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen til neste møte svare skriftleg på dei 7 spørsmåla som går fram under drøftingspunktet over når det gjeld status i arbeidet med tilpassing til ny personvernlov. Det skriftlege svaret bes levert sekretariatet innan 14.03.2018.*
2. *I tillegg ber kontrollutvalet fylkesrådmannen om å komme i møte 03.04.2018 for å orientere munnleg om saka.*

Dei 7 spørsmåla det vert vist til i punkt 1 i vedtaket lyd slik:

1. Er det nokon som jobber med ny personvernlov?
2. Er det laga protokoll som viser kva som er samla inn av personopplysningar?
3. Er det inngått databehandlaravtalar, og er desse oppdatert?
4. Er det oppretta personvernombod/rådgiver?
5. Er personvernerklæringa oppdatert?
6. Er det innebygd personvern i datasystemer?
7. Er det vurdert å få vennligsinna hackere til å teste datasystemer?

Vurderingar og konsekvensar

Skriftleg svar frå fylkesrådmannen på dei 7 spørsmåla ligg ved. Slik sekretariatet ser det går det fram av svaret at fylkeskommunen har relativt god kontroll på kva utfordringar som må løysast før

den nye lova trer i kraft. Det er også avtalt at fylkesrådmannen kjem i møte for å orientere munnleg om saka.

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i fylkesrådmannen si munnlege orientering vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen til orientering. Det vert i tillegg tilrådd at kontrollutvalet ber om å få skriftleg og munnleg orientering om korleis tilpassinga til ny personvernlov har gått i møte i kontrollutvalet 25.09.18.